



Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2206 - 14/15543

Saksbehandlar:
Harald Solheim
Harald.Solheim@lindas.kommune.no

Dato:
25.06.2014

Namnesak - gbnr 102 - Vadbuvegen - Vabø

Vedlagt følgjer saksutgreiing med vedtak.

Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. Forvaltningsloven (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Harald Solheim
saksbehandlar

Andre mottakere:



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
062/14	Plan- og miljøutvalet	PS	14.05.2014
056/14	Kommunestyret	PS	12.06.2014

Saksbehandlar	ArkivsakID
Harald Solheim	14/2206

Namnesak - gbnr 102 - Vadbuvegen - Vabø

Vedlegg:

Vedlegg til namnesak

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vegadressenavnet vert endra frå Vadbuvegen til Vabøvegen.

Plan- og miljøutvalet - 062/14

PM - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PM - vedtak:

Innstilling i PMU - 14.05.2014:

Vegadressenavnet vert endra frå Vadbuvegen til Vabøvegen.

Kommunestyret - 056/14

KO - behandling:

Innstillinga frå plan- og miljøutvalet vart samrøystes vedteke.

KO - vedtak:

Vegadressenavnet vert endra frå Vadbuvegen til Vabøvegen.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

- Saka skal til innstilling i Plan- og miljøutvalet
- Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Bakgrunn

I samband med nye vegnamn i Lindås er det reist namnesak knytt til navnet på gbnr 102 (Va(d)bu / Vabø.

Vabø er det innarbeidde og brukte namnet som alle kjenner og har eit forhold til. Vabø er det som blir brukt i daglegtalet. Namnet Vadbu(ø) skriv seg tilbake i tid med forskjellige skrivemåtar og endringar heilt tilbake til 1563, og ikkje brukt i manns minne. Vabø er eit innarbeidd namn i oppslag og brukte kjelder for eksempel:

Statens vegvesen – skilting

Bergen og omland friluftsråd – kart og info i området

NAF bok

Gardsnamn og vegadresse / namn er ikkje det same, men namnet på heimstaden er viktig for identiteten og sjølvkjensla.